



Møte i Studentparlamentet

nr 6/22-23

Onsdag 29. mars 2023

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 55 – 22/23:	Opprop og val av møteleiiing	3
Sak 56 – 22/23:	1. Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 56 – 22/23:	2. Godkjenning av sakslista.....	4
Sak 56 – 22/23:	3. Godkjenning av referat frå møte 30.11.22	4
Sak 57 – 22/23:	Orienteringar	6
Sak 58 – 22/23:	Voldakortet – orientering frå Volda kommune Feil! Bokmerke er ikke definert.	
Sak 59 – 22/23:	Komite for sommaravslutning	7
Sak 60 – 22/23:	Bruk av gåvemidlar	8
Sak 61 – 22/23:	Revidering av stillingsomtalane til AU	9
Sak 62 – 22/23:	Revidering av valreglementet til Studentparlamentet.....	10
Sak 63 – 22/23:	Resolusjon om Studiebarometeret	11
Sak xx – 22/23:	Eventuelt.....	12

Sak 55 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Namneoppop

Val av møteleiing

AU sitt forslag til vedtak:

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad er dagens referent
- Ronda Bekkevoll og Nikolai Skaug Kolstad er dagens teljekorps

Sak 56 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 56 – 22/23: 2. Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.03.23	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	55	Opprop og val av møteleiar	V	Ordstyrar
	56	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	57	Voldakortet – Volda kommune vitjar møtet	V	Gjest
17.10	58	Orienteringar	O	AU
17.30	59	Komité for sommaravslutning	V	Velferd
17.35		Pause		
17.50	60	Bruk av gåvemidlar	V	Info
18.05	61	Revidering av stillingsomtalane til AU	V	Nestleiar
18.20	62	Revidering av valreglementet til Studentparlamentet	V	Nestleiar
18.30	63	Resolusjon om Studiebarometeret	V	Leiar
		Eventuelt		
18.45		Møteslutt og møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Sak 56 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 01.03.23

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Referat frå møte i Studentparlamentet 01.03.23

Studentparlamentet godkjenner formelt møtereferatet frå sist møte.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 01.03.23.

Sak 57 – 22/23: Voldakortet – orientering frå Volda kommune

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Nina Kvalen

Volda kommune har blitt invitert til å kome med ein orientering om ordninga voldakortet. Det blir bedt om tilbakemeldingar frå studentparlamentet om ordninga.

Bakgrunn

Voldakortet er ein ordning som kom på plass i 2020. Alle studentar (med unntak av dei frå næraste nabokommunar) kan søkje til ordninga, gitt at dei er folkeregistrert i kommunen. Voldakortet gir studentar 5000kr til fri bruk (unntatt kjøp av alkohol) i butikkar som er med i Volda Næringsforum.

Ordninga med Voldakortet skal opp til evaluering i kommunestyret til juni. I samband med evaluering er det ønskjeleg å få innspel frå studentane om ordninga. Det blir også sendt ut evalueringsskjema ut til tillitsvalde, for å danne eit breiare grunnlag av studentstemma. Resultata vil gi eit viktig peikepinn for kommunestyret om ordninga skal fortsettast eller ikkje.

Sak 58 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: AU

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Elvegata 22, status
- Dialogmøte med SiVolda
- Læringsmiljøutvalet, status
- Val av nytt AU + midlar frå NSO til overlapps/opplæringsdag med av- og påtroppande AU
- UH NettVest og dialog med kommunen

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 59 – 22/23: Komité for sommaravslutning

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Velferdsansvarleg

AU ønskjer å setje ned ein komité som kan planleggje avslutninga.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel inntil 4 personar til å planleggje sommaravslutninga.

Bakgrunn

Det er planlagt sommaravslutning fredag 5. mai. Avslutninga er det siste møtet studentparlamentet har for semesteret.

Sak 60 – 22/23: Bruk av gåvemidler

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Leiar

AU har vurdert fleire alternativ for kva gåvemidlane frå Sparebanken Møre kan brukast til. Arbeidsutvalet har konkludert med å liste opp følgjande fire forslag:

- Bordtennis- eller biljardbord
- Føredragshaldar
- Promovideo av studentorganisasjonar
- Quizaften for klasser/ stønad til klassearrangement

AU utfordrar parlamentet no på å prioritere to av desse fire forslaga. I tillegg kor mykje av gåvemidlane som skal gå til kvart forslag. Au ønskjer ikkje å bruke alle 100 000kr i denne runda.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tildelar <sum> til alternativ 1 og <sum> til alternativ 2.

Bakgrunn

I høve feiringa av Henrik Kaarstad bygget si 100 års feiring, fekk studentparlamentet ei gåve frå Sparebanken Møre på 100 000 kroner. Pengane skal gå til studentvelferd og studentfrivilligheit. Studentparlamentet hadde ein idémyldringsprosess i slutten av førre semester, samt ope skjema sendt ut til tillitsvalde.

Sak 61 – 22/23: Revidering av stillingsomtalanene til AU

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Nestleiar
Vedlegg:	Vedlegg 2 – gjeldande stillingsomtale i AU Vedlegg 3 – utkast m/ forslag til stillingsomtale i AU

AU har gjennomgått sine eigne stillingsomtalar. Det som eigentleg skulle vere forslag frå AU til vedtektskomiteen, har i staden blitt til endringsforslag framlagt i parlamentet.

Studentparlamentet hatt høve til å påverke med å innmelde endringsforslag gjennom å sitte i vedtektskomiteen. Det viser seg parlamentet gjor eit ugyldig vedtak av komité, då det mangla ein representant frå AU. Derfor har komiteen ikkje blitt konstituert eller arbeida med stillingsomtalanene eller komande sak om valreglementet..

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner stillingsomtalanene med endringsforslaga.

Bakgrunn

Stillingsomtalanene beskriver dei ulike verva i arbeidsutvalet. Medlemmer i AU skal etterleve dei punkta som lagt fram i stillingsomtalanene. Stillingsomtalanene blei sist gang revidert i 2018.

Sak 62 – 22/23: Revidering av valreglementet til Studentparlamentet

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Nestleiar
Vedlegg:	Vedlegg 4 – gjeldande valreglement for Studentparlamentet Vedlegg 5 – utkast m/ forslag av valreglement for studentparlamentet

Årshjulet til Studentparlament ved Høgskulen i Volda legg opp til at vedtektene og tilhøyrande valreglement skal opnast for revidering kvart år. I år har det blitt valt å revidere valreglementet.

Studentparlamentet hatt høve til å påverke med å innmelde endringsforslag gjennom å sitte i vedtektskomiteen. Det viser seg parlamentet gjor eit ugyldig vedtak av komité, då det mangla ein representant frå AU. Derfor har komiteen ikkje blitt konstituert eller arbeida med valreglementet eller tidlegare sak om stillingsomtalan.

AU har laga eitt endringsforslag til valreglementet. Ingen har tatt ut dissensar. Endringsforslaget er i samanheng med sak om val til SiVolda-styret som var i førre parlamentsmøte.

Det er ikkje høve til å fremje *nye* endringsforslag undervegs i debatten, berre justeringar av dei forslaga som er fremja og innstilt på. Desse må sendast skriftleg til ordstyrar før det vert sett strek i debatten. Gjer ein dette vil ein verte satt opp for innlegg og ein vil då få høve til å argumentere for forslaget sitt.

Endringar i valreglementet krev 2/3 fleirtal av parlamentet.

Vi kjem til å presentere og diskutere endringsforslaga til valreglementet. Endringane til dokumenta vil tiltre i det augneblinken ein har bestemt å lukke vedtektene med eventuelle endringar fatta av parlamentet.

Forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet opnar valreglement for endringar. Gjeldande valreglement ligg til grunn for endringsforslag og debatt.
2. Studentparlamentet tek endringsforslaga som AU har innstilt på opp til votering
3. Studentparlamentet lukker vedtektene og valreglementet med dei endringane som er gjort.

Sak 63 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Fagansvarleg
Vedlegg:	Vedlegg 6 – resolusjon «ta studiebarometeret tilbake til klassane»

I etterkant av resultatane av studiebarometeret og oppfølginga av dei, har AU konkludert med at parlamentet bør ha aktiv politikk om tematikken. AU legg derfor fram resolusjon «ta studiebarometeret tilbake til klassane». Resolusjonen tar sikte på å avklare korleis Høgskulen og parlamentet skal arbeide med undersøkinga og resultatane.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtar resolusjon om studiebarometeret

Sak xx – 22/23: Eventuelt

Type sak:

Saksframleggjar:

Møtekritikk etter formell møteslutt.